# OVERSIKT OVER FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN SITT DELEGERTE MYNDE ETTER VEDTAK I FOLKEVALDE ORGAN I MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE (SOM KJEM I TILLEGG TIL MYNDE GJEVE I DELEGERINGS- OG INNSTILLINGSREGLEMENT I SAK T-96/20)

## FAG-/TENESTE-/STABSOMRÅDE: KULTUR

| **SAKSNR** | **VEDTAKSDATO** | **FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN SITT DELEGERTE MYNDE (vedtakstekst eller oppsummert kva delegasjon som er gitt)** |
|---|---|---|
| T-37/11 | 06.06.2011 | Prinsipp for delegering av mynde i Møre og Romsdal fylkeskommune<br>- Fylkestinget stadfestar prinsippa for delegering frå overordna politiske organ til underutval slik dette er gjort greie for i fylkesrådmannen sitt saksframlegg av 21.2.11.<br>- Fylkesrådmannen får mynde til å løyve inntil kr 500.000,- samla pr prosjekt av midlane frå kapittel 551.60 og tiltaksfondet i saker av "ikkje prinsipiell" betydning, jf kommunelova § 23 nr 4. Prinsipielt viktige saker skal, uavhengig av beløpsgrense, leggjast fram for politisk behandling. |
| T-74/09 | 07.12.2009 | Behandling av plansaker i Møre og Romsdal fylkeskommune frå 2010.<br>- Fylkesrådmannen får delegert myndigheit til å behandle kommunedelplan og reguleringsplan som ikkje har konsekvensar utanfor kommunen der tiltaket er planlagt.<br>- Fylkesrådmannen får fullmakt til å gi førebels motsegn, samt gi motsegn som gjeld formelle krav til innhald og prosess i kommunale plansaker.<br>- Fylkesrådmannen får fullmakt til å behandle dispensasjonssøknadar og framsette klage på vedtak.<br>- Fylkesrådmannen får fullmakt til å gi motsegn som vedkjem sterkt regulerte kulturminne.<br>- Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette regionalt planforum.<br><br>*Samrøystes vedtak.* |
| Ku-5/05 A | 02.02.2005 | Vurdering/evaluering av retningsliner og arbeidsrutiner for tilskotsforvalting i kulturavdelinga<br>1. Fylkeskulturutvalet vidarefører ordninga med delegert mynde til fylkesdirektøren som gjeld prioritering og fordeling av tilskot innanfor dei rammene som vert fastsett på kulturavdelinga sitt budsjett.<br>2. Det er likevel fylkeskulturutvalet som gjer vedtak om kva tilskotssøkjarar /tilskotsmottakarar som skal stå på øyremerka / fast post. |

| | | |
|---|---|---|
| | | 3. Fylkeskulturutvalet sluttar seg elles til dei føringane og vurderingane som kulturdirektøren har gitt i saksutgreiinga når det gjeld rutinar / praksis for forvalting av fylket sine tilskotsmidlar løyvd i budsjettet til kulturavdelinga.<br><br>*Samrøystes vedtak.* |